

Uskedalselva blir vurdert som reservevasskjelde

26.04.2010



Dyktige krumtappar i vassverket i bygda: Hans Reidar Kjærland og Terje Myklebust (Foto: Ola Matti Mathisen)

Styret i Uskedal Vassverk fekk under årsmøtet på skulen i kveld den fullmakt det ba om for å få vurdert Uskedalselva som reservevasskjelde.

Det må gennomførast prøveboring for å stadfesta vassmengde og kvalitet.

Så skal det haldast ekstraordinært årsmøte som tar endeleg stilling til prosjektet og kostnadane.

Formann Hans Reidar Kjærland la fram eit notat som peika på erfaringene frå vinteren 2006 og siste vinter: Kulde i samband med tørke fører til at Eikelva nærast går tom for vatn. Hvis ikkje det hadde vore så mykje snø, som berga situasjonen, hadde problema vore store alt i januar. Tre inntak var i funksjon. Samstundes reduserte den største vassforbukaren Brødrene Hjønnevåg forbruket kraftig.

Det er tre reserve-alternativ - Tverrelva, Børsdalselva og Uskedalselva - men det vil kosta over 10 millionar å byggja ut dei to første.

Uskedalselva vart vurdert som drikkevasskjelde for bygda både i 1939 og 1947 men vart skrinlagt på grunn av ustabil straumtilførsel. Det er mogeleg å henta vatn ein stad ovanfor brua, i god avstand frå sjøvatn, med borehol i morenen ved elvebreidda. Vatnet er om vinteren av ein slik kvalitet at det eignar seg godt for reinsing med UV, som kan nyttast som ein barriere.

Mattilsynet har vist til Ænes som eit godt døme. Der er det nytta 2 borehol ned til 16 meter og ingen stader i kommunen har råvatin av betre kvalitet.

Svein Rimestad frå Mattilsynet var på årsmøtet og bekrefta dei gode erfaringane frå Ænes og andre stader. Ved Ænes er det ikkje naudsynt med reinsing, men det er viktig med UV som ein sikring.

Vassverket dekker i dag dalen opp til Kjærland og Trond Myklebust heldt fram at også området ovanfor – til og med Haugland – kan få vatn hvis ein satsar på Børsdalselva. Han minnte også om planane for bustadbygging i bygda, som kan omfatta så mange som 70 hus.

På den måten kan ein slå to fluger i ein smekk, meinte Myklebust.

Men det vart påpeika at anlegget i Eikelva er moderne og godt utrusta og at ein under normale tilhøve tek ut berre 10 prosent av vatnet der.

Likevel lova styret å sjekka ut kva det vil kosta å sørge for vassforsyning "rundt dalen".

Hans Reidar Kjærland, Thom O.Haugland og Øyvind Sture vart attvald i styret medan Tor Ove Rød og Johannes Feet ikkje var på val. Formannen hylla forretningsførar Terje Myklebust for stor innsats gjennom 25 år og hadde blomar og vasskaraffel som påskjønning.

Marit Hjønnevåg takka vassverket for innsatsen sist vinter.

Det vart opplyst under årsmøtet at grunneigarane i Eikedalen planlegg kraftverk og at det skal haldast jordskiftesak i juni som eit ledd i prosessen. Konsesjonssøknad er allereie sendt.

Av Ola Matti Mathisen



Djupehølen - blir det reserveinntak der? (Foto: Ola Matti Mathisen)